

---

**Fra:** Rune Ones <Ones@ngir.no>  
**Sendt:** 15. april 2015 11:52  
**Til:** Einar Færø  
**Kopi:** Erlend Kleiveland  
**Emne:** NGIR

Hei!

Viser til telefonsamtale i dag.

NGIR er interessert i å kjøpa tilleggsareal nord for gjenvinningsstasjonen på Manger. Det er ønskjeleg for NGIR å opprusta stasjonen til ein betre standard, mellom anna med å byggja eit lagerbygg for avfall på delar av det området som no er utanfor "NGIR sin eigedom". Det hadde vore gunstig om du kunne gjera forundersøkingar slik at me kan arbeida vidare med saka, og ber med dette om at du undersøkjer litt om planstatus for området og om eit kjøp er mogeleg i fht eventuelle andre kommunale planar.

Men! Du må få litt ekstra info om stoda:

Når NGIR sin eigedom stå i hermeteikn lenger oppe, er det fordi NGIR har ikkje skøyte på eigedomen. Den vart den 01.04.1998 (før mi tid) betalt til Radøy kommune med kr 100 000. Eigedomen som stasjonen står på er i våre papir (Søknad om rammetillatelse) oppgitt som Gnr 45, Bnr 38 og 18, og ca 3000 m<sup>2</sup>. Her har me nok ein forretning som ikkje er ferdiggjort!

NGIR har nok ikkje kjøpt heile den eigedomen som i dag er avmerka som Bnr 38, men delar av den og stort sett det arealet NGIR nyttar.

Me finn ikkje Bnr 18 i matrikkelen. Er dette tenkt som mogeleg bruksnr. på det arealet NGIR kjøpte i - 98??

Det er naturleg å ordna opp i dette snarast og me har håp om at dette kan gjerast i samband med at NGIR får kjøpa nokre mål i tillegg.

Med venleg helsing

**Rune Ones**

Driftsleiar



Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap  
Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvin  
Dir.tlf 56 34 33 15  
Mobil 41 51 91 62  
Fax: 56363680  
[www.ngir.no](http://www.ngir.no)